



Det Kongelige Finansdepartement
PB 8008 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
14/2802-3/K1-203, K3-&13//TOM

Dykker ref.

Dato:
02.03.2015

Overføring av skatteoppkrevjingen til skatteetaten - fråsegn fra Bremanger kommune

Eg syner til Dykker brev av 04.12.2014.

Formannskapet i Bremanger handsama saka i møte den 26.02.2014, sak 023/15, og Bremanger vil gje følgjande fråsegn i saka:

Dersom skatteoppkrevjaren vert gjort statleg og sentralisert vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsukjekta auke i vesentlig grad. Mange kommunar vil ikkje ha nokon kontrollinstans i det heile. For Bremanger kommune vil nærmaste kontrollinstans vere i Leikanger. Vi vurderer at denne auka avstanden som ein vesentleg risikofaktor for økt svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Det er også viktig å påpeike at nærleiken til innbyggjarane er viktig for å bistå dei vanskelegstilte skattytarane; dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølv eller som av andre grunnar ikkje kan ivareta sine eigne interesser. Nærleik og lokalkunnskap er viktig også for å forstå og hjelpe dei som trenger det mest.

Vi meiner at dagens ordning har fleire klare fordelar, og vil rå i frå at ansvaret vert overført frå kommunane. Vi vil spesielt framheve følgjande konsekvensar:

- **Effektiviteten og resultata i skatteinnfordringa kan svekkast.**
Ei marginal svekking vil gje ein negativ økonomisk effekt.
- **Bortfall av mulighetene for ei enkel og effektiv innkrevjing**
Kommunen sin særnamnskompetanse er eit effektivt verkemiddel or kommunen, samstundes som det sparar innbyggjarane for store beløp i innfordringsgebyr. Utan særnamnskompetansen vil fleire kommunale krav måtte sendast til namsmannen for innfordring.
- **Svekker kommunen sitt ansvar for eige inntektsgrunnlag**
Ei overføring vil medføre at kommunen sine skatteinntekter vert endå sterkare styrt frå staten

- **Rettstryggleik til skatteytarane kan bli svekka**

I dag vert rettstryggleiken ivareteke på ein god måte ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmesseg skilje mellom fastsetjing av skatten på den eine sida (likninga/staten) og innkrevjing av skatten på den andre sida (kommunen). Omsynet til rettstryggleiken tilseier at det må vere avstand mellom den som fastset og den som krev inn skatten. Dette er slege fast som eit grunnleggande prinsipp i tidlegare utgreiingar og Stortingsbehandlingar av skatteinnkrevjinga.

Dersom regjeringa likevel skulle velje arbeide vidare med ei sak til Stortinget om ei overføring av skatteinnkrevjinga, må dette skje gjennom eit statleg pålegg, og staten må då også ta ansvar for at dette skjer på ein måte som tek var på arbeidstakarane, også ansvaret for dei arbeidstakarane som vert overtalte.

Elles er det og eit paradoks at framlegget til endring skjer midt i kommunereformprosessen der ein vesentleg faktor er overføring av oppgåver frå staten til kommunane og ikkje motsett. Framtidig organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen burde sjåast i samanheng med kommunereforma.

Med helsing

Torm Joensen
Rådmann